



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 04.04.2019  
**Møtestad:** Kantina, Nordhordlandshallen  
**Møtetid:** 10:30 - 11:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Dag Hugaas	AP	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
May Eva Sandvik	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Karl Vågstøl	H	May Eva Sandvik

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

---

### Sakliste

Saknr	Tittel
029/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/19	Strategidiskusjon - Lindås sjøsluser

## **029/19: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **04.04.2019 Formannskapet**

Ingen merknader, samrøystes.

### **FO - 029/19 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste er godkjent

---

## **030/19: Strategidiskusjon - Lindås sjøsluser**

### **Rådmannen legg fram saka til diskusjon direkte i møtet**

### **28.03.2019 Formannskapet**

Orientering ved ass.rådmann Hogne Haugsdal.

#### **Framlegg:**

1. Formannskapet bed rådmannen leggje fram ei sak med kortsiktig tiltak til ekstramøte i formannskapet 04.04.2019.
2. Formannskapet anbefaler at strategi for Lindås slusene vert tatt vidare i Alver kommunestyre.

Punkt 1 i framlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst (B.Vatnøy-Frp)

### **FO - 026/19 VEDTAK:**

1. Formannskapet bed rådmannen leggje fram ei sak med kortsiktig tiltak til ekstramøte i formannskapet 04.04.2019.
2. Formannskapet anbefaler at strategi for Lindås slusene vert tatt vidare i Alver kommunestyre.

### **04.04.2019 Formannskapet**

Orientering ved ass.rådmann Hogne Haugsdal.

#### **Rådmannen sitt framlegg vart lagt fram i møtet:**

- Formannskapet løyver inntil kr 200.000 til innkjøp av brygge og landgang ved Lindås sjøsluser
- Midlane blir henta frå infrastrukturfondet
- «Lindås slusene» står ansvarleg for innkjøp av kaiar og anlegg, i tillegg til drift og vedlikehald.
- Lindås slusene er ansvarleg for å søke om nødvendige løyver for å kunne etablere tiltaka.
- Blir tiltaket lagt ut midlertidig må tiltaket vere trygt og sikkert for dei som nyttar det.
- Den økonomiske ramma skal også kunne dekke kostnader med byggesøknad og andre nødvendige forvaltningsprosessar.
- Lindås slusene får utbetalt tilskot ved framvising av budsjett. Kommunen må ha tilsendt rekneskap når tiltak er etablert.

Punkt 1-7 samrøystes vedteke

#### **Framlegg A.Byrknes-Krf punkt 8**

- Formannskapet løyver inntil kr 80.000 til finrensing av slusekammer, det er Lindås kommune som er ansvarleg for dette arbeidet. Midlane blir henta frå infrastrukturfondet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå B.Vatnøy-Frp punkt 9:**

- Lindås kommune inviterer eigar Kystverket og Stiftinga Museumssenter i Hordaland til eit møte for å drøfte og finne langsiktig løysing for drift og vedlikehald av Lindås sjøsluser. Dialog må starte i 2019.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO - 030/19 VEDTAK**

- Formannskapet løyver inntil kr 200.000 til innkjøp av brygge og landgang ved Lindås sjøsluser
  - Midlane blir henta frå infrastrukturfondet
  - «Lindås slusene» står ansvarleg for innkjøp av kaiar og anlegg, i tillegg til drift og vedlikehald.
  - Lindås slusene er ansvarleg for å søke om nødvendige løyver for å kunne etablere tiltaka.
  - Blir tiltaket lagt ut midlertidig må tiltaket vere trygt og sikkert for dei som nyttar det.
  - Den økonomiske ramma skal også kunne dekke kostnadar med byggesøknad og andre nødvendige forvaltningsprosessar.
  - Lindås slusene får utbetalt tilskot ved framvising av budsjett. Kommunen må ha tilsendt rekneskap når tiltak er etablert.
  - Formannskapet løyver inntil kr 80.000 til finrensking av slusekammer, det er Lindås kommune som er ansvarleg for dette arbeidet. Midlane blir henta frå infrastrukturfondet
  - Lindås kommune inviterer eigar Kystverket og Stiftinga Museumssenter i Hordaland til eit møte for å drøfte og finne langsiktig løysing for drift og vedlikehald av Lindås sjøsluser. Dialog må starte i 2019.
-